



## Statsforvaltaren i Vestland

TENDEN MILJØ AS  
Bleksvingen 15  
6783 STRYN

Vår dato:  
20.06.2024

Vår ref:  
2019/3047

Dykkar dato: Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefond  
Åsmund Skancke Karlsnes, 5764 3122

## Rapport frå inspeksjon ved Tenden Miljø AS avd. Stryn Kontrollnummer: 2024.031.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Piotr Chrzaszcz  
Jozef Bruncak

Frå Statsforvaltaren i Vestland:

Åsmund Skancke Karlsnes  
Gøsta Hagenlund

### 1. Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Tenden Miljø AS avd. Stryn 10. april 2024. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland fann 1 avvik og gav 2 merknader under inspeksjonen. Vi ser alvorleg på avvik 1 då dette gjeld forhold som vart påpeika tilbake i 2020.

Avvik:

- Verksemda har ikkje forsvarleg lagring av motteke avfall

Merknader:

- Lagring av syrer og baser i nærleiken av kvarandre medfører høg risiko for samanblanding
- Batteri vart ikkje lagt i brannhemmande stoff

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærmere omtalt frå side 3.

Med helsing

Sissel Storebø  
seksjonsleiar

Åsmund Skancke Karlsnes  
overingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til: STRYN KOMMUNE

## 2. Informasjon om den kontrollerte verksemda

### Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> TENDEN MILJØ AS AVD STRYN - INNSAMLING	<b>Eigd av:</b> 976484770*
<b>Organisasjonsnr.:</b> 976505328	

\* Verksemda nytter seg av dette org.nr.

### Kontrollert eining

<b>Namn:</b> Tenden Miljø - farleg avfall	<b>Anleggsnr.:</b> 4651.0006.01
<b>Kommune:</b> Stryn	<b>Fylke:</b> Vestland
<b>Løyve gitt:</b> 05.12.2022	<b>Sist endra:</b> -

## 3. Bakgrunn for inspeksjonen

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsatt i eller med heimel i forureiningslova, vert holdne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er gjennomført som en del av den nasjonale tilsynsaksjonen retta mot anlegg som tek imot og mellomlagrar farleg avfall. Aksjonen er ei oppfølging av tidlegare tilsvarande aksjonar, sist i 2018. Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

### Inspeksjonstema

- mottakskontroll av avfall
- lagring og merking av farleg avfall
- vidarelevering av farleg avfall
- utslepp til vann
- internkontroll, inkl. risikovurdering og avviksbehandling

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart funne under inspeksjonen. Den gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

### Definisjonar

**Avvik:** Manglende etterleving av krav fastsatt i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

## 4. Oppfølging etter inspeksjonen

Tenden Miljø AS avd. Stryn pliktar å rette opp avvik som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. Vi ser alvorleg på avvik nr. 1 som vart funne i denne inspeksjonen. Tenden Miljø AS avd. Stryn må sende inn ei skriftleg utgreiing innan **15. september 2024** som beskriv kva tiltak som er gjennomført for å lukke dette avviket.

Gjennomføringa av tiltaka vil bli følgd opp ved ny kontroll.

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til [sfvlpst@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpst@statsforvalteren.no) og merkar e-posten med 2019/3047.

### De kan kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

## 5. Varsel om tvangsmulkt for retting av avvik

Statsforvaltaren varsler at vi vil vedta tvangsmulkt dersom vi ikkje har fått ei skriftleg stadfesting på at avvik 1 er retta innan **15. september 2024**.

I vedtaket vil de få ein ny frist på tre veker til å sende oss den skriftlege stadfestinga. Dersom vi ikkje får dette innan ny frist, vil tvangsmulkta måtte betalast.

Tvangsmulkta vil vere på følgjande eingongsbeløp på **100 000 kr.**

Tvangsmulkta vil bli gitt med heimel i § 73.

## 6. Varsel om gebyr

Statsforvaltaren varsler at Tenden Miljø AS avd. Stryn må betale eit gebyr for tilsynet. På bakgrunn av forventa ressursbruk tar vi sikte på å vedta eit gebyr på 31 200 kr. Dette tilsvarer sats 2 for tilsyn av inntil en dags varighet. Vedtaket vil bli gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få eit nytt brev med vedtak om gebyr.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

### De kan gi tilbakemelding på varselet

De har høve til å kome med merknader til dette varselet. Eventuelle merknader må sendast til Statsforvaltaren innan to veker.

## **7. Rapporten er offentleg**

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på [www.einnsyn.no](http://www.einnsyn.no), i samsvar med offentleglova.

## **8. Avvik**

Vi fann følgande avvik under inspeksjonen:

### **Avvik 1: Verksemda har ikkje forsvarleg lagring av motteke avfall**

**Avvik frå:**

- Avfallsforskrifta kapittel 11 vedlegg 4 punkt 1 bokstav d)
- Avfallsforskrifta § 11-5

#### **Kommentarar til regelverket**

Avfallsforskrifta kapittel 11 vedlegg 4 punkt 1 bokstav d):

Lagring av farleg avfall skal skje under tak og på fast dekke med oppsamling av eventuell avrenning. Annan lagringsmåte kan nyttast dersom verksemda kan dokumentere at den valde lagringsmåten gir minst like låg risiko og like godt miljøvern

I avfallsforskrifta § 11-5 er det krav om at farleg avfall skal handterast på ein forsvarleg måte. Alle som oppbevarer, transporterer eller handterer farleg avfall, skal treffe nødvendige tiltak for å unngå fare for foreining eller skade på menneske eller dyr.

#### **Avviket er basert på følgande observasjonar:**

Hallane for mottak og lagring av farleg avfall var ikkje sikra mot inn- og utrenning av vatn. Dekket i hall for sortering av farleg avfall og hall for ferdig emballert avfall var vått grunna vann som rann gjennom hallane. Dekket i begge hallane hadde riss og sprekker. Verksemda hadde forsøkt å gjere tiltak for å hindre at vatn kjem inn i teltet ved å lage ein kant av asfalt rundt hallen. Dette var ikkje tilstrekkeleg. For å kunne hindre eventuelt sør frå avfallshandteringa å renne ut i terrenget hadde verksemda lagt ut ei absorbent pølse. Det ble gitt avvik for samme forhold ved forrige tilsyn. Som svar på tilbakemelding etter tilsyn 01.07.2021 skreiv vi mellom anna: «Når det gjeld avvik 2 vil vi kommentere at de også må syta for at vatn ikkje lenger kan renna gjennom hallen».

Nokre fraksjonar farleg avfall blir lagra i raude konteinarar. Taket i desse bestod av presenningar med hol. Vatn hadde synleg samla seg oppå fat vert lagra der. Konteinarane hadde ikkje oppsamlingsløysing i botn og eventuelt sør vil renne ut av dei.

## **9. Merknader**

Vi gav følgande merknader under inspeksjonen:

### **Merknad 1: Lagring av syrer og baser i nærleiken av kvarandre medfører høg risiko for samanblanding**

Avfall som kan reagere (kraftig) med kvarandre er ikke lagra i god avstand. Døme: mottaksbehaldarar for syre- og base-avfall står ved siden av kvarandre. Verksemda bør også vurdere om basar som er oksiderande bør lagrast saman eller i separate behaldarar, merk observasjon av nokre liter av handelsnamnet Klorin, som kan reagere kraftig med t. d. salmiakk.

### **Merknad 2: Batteri vart ikkje lagt i brannhemmande stoff**

Mindre batteri vart lagt usortert i lagringseining utan brannhemmande stoff. Dette er viktig å for å hindre branntilløp. Full tønne med usorterte «småbatteri» var lagra utan brannhemmande lag. Statsforvaltaren oppfatta det slik at avfallsmottakar har godkjent slik lagring før utsending. Tenden må sikre at dei har vurdert at lagring av småbatteri er tilstrekkeleg sikra mot sjølvtenning i eigen risikoanalyse.

## **10. Andre tilhøve**

Vi viser til orientering om endring av regelverket for mottak av pyrotekniske produkt. Regelverket har vore på høyring, men er ikke vedteke. DSB er ansvarleg styresmakt.

## **11. Dokumentunderlaget**

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta
- løyve til verksemrd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren

Framlagd dokumentasjon som vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

- utskrift frå avfallsdeklarering.no
- eigenkontrollrapportar frå verksemra